

Ta turen

Turprogram 2011



Klyppekort til Kvinnherad Fjelltrim innlagt



Det er ikkje berre Storsenteret på Husnes som driv positiv PR for Uskedalen - det gjer også Kvinnherad Turlag.

Som oppslagsbilete på turprogrammet for i år har dei eit ikkje mindre enn fantastisk

panoramabilete frå toppen av Englafjell - mot Mannsvatnet og Melderskin.

Englafjell står da også på programmet - Kjell Yri og Jostein Grov skal leia ein tur dit 18. september. Gruppa startar frå Eik og kjem ned att dit, men då over Såta.

Kjell Yri skal også leia turen til Skorpefjeellet 2. juni, saman med Jofrid Eik. Då skal dei ikkje minst innom hendingar på øya i gamal tid.